



DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Nærings- og handelsdepartementet
Postboks 8014 Dep.
0030 OSLO

Deres ref
200604938-1/SMS

Vår ref
06/2222- THH

Dato
22.02.2007

Tenestedirektivet - Høyring

Vi viser til brev fra Nærings- og handelsdepartementet av 22. desember 2006 om høyring av tenestedirektivet.

Dei seinera åra har det pga. EØS-avtalen i aukande grad vorte tildelt byggje- og anleggsoppdrag i samferdselssektoren til aktørar frå andre EØS-land. Vidare nyttar også innanlandske aktørar i aukande grad innlånt arbeidskraft og underentreprenørar frå andre EØS-land, i begge tilfelle i stor grad låginntektsland i Sentral-Europa. Det er sannsynleg at denne utviklinga vil halde fram.

Trass i forbod mot "sosial dumping" og offentlig kontroll gjennom Arbeidstilsynet, er det i fleire tilfelle reist spørsmål om særskild dårlige løns- og arbeidsvilkår samanlikna med norske tariffavtalar, har vore praktisert i denne sektoren i Norge.

Samferdselsdepartementet er oppteken av at regelverket og handhevinga av det på dette området må styrkjast, og ikkje svekkjast. Det er avgjerande for ei sunn utvikling i entreprenørbransjen og i tilhøvet mellom bransjen og styresmaktene i sektoren at rommet for slik styrking ikkje kan verta innskrenka som følge av ei eventuell norsk overtaking av direktivet.

Med hilsen

Knut Rønning
Knut Rønning e.f.

Tone Hennø Hardeland
for Tone Hennø Hardeland